

Økonomisk rådgjeving

Nav kontoret i kommunen kan hjelpe deg med økonomisk rådgjeving. Klarer du ikkje å betale rekningane dine og har problem med å få pengane til å strekkje til? Slit du med å betale ned gjeld er det viktig å søkje om hjelp i tide.

Kven kan få tilbodet?

Du kan få økonomisk rådgjeving dersom du

- har problem med å få pengane til å strekkje til
- har vanskar med å betale rekningane dine
- har problem med å betale ned gjelda di

Hjelpe du får forutset at du samarbeider med ein rådgjevar. Som søkjar må du leggje fram dei opplysningane rådgjevar treng for å kunne hjelpe deg.

Korleis få tilbodet?

Ta kontakt med Nav kontoret for å avtale tid for ei samtale.

Det vert enklare å gje gode råd dersom du tek med deg følgjande på møtet:

- sjølvmelding og likning med skatteoppgjer frå siste året (får hos Skatteetaten)
- kopi av husleige- eller framleigekontrakt, eventuelt innbetalingslipp for husleige
- lønnsinntekter og trygdeytningar dei siste tre månadane
- dokumentasjon på lån og kredittgjeld
- dokumentasjon på utgifter, for eksempel straum, forsikring, lege, barnehage og liknande
- dokumentasjon på ubetalte rekningar, restansar og liknande

Viss du har fått tilsendt såkalla begjæring om utlegg, tek du med denne. Det same gjeld viss du har fått innkalling til forliksrådet.

Du kan også få økonomiråd av Nav på økonomirådstelefonen 800-GJELD (tlf. 800 45353) eller på chat.

.....legg inn lenke til «enkle råd og hjelp til sjølvhjelp».....

Kva får du tilbod om?

Nav kontoret kan hjelpe deg med å få oversikt over økonomien din og setje opp eit budsjett.

Du kan få hjelp til å:

- finne ut korleis du kan få mindre utgifter
- vurdere moglegheitene for å auke inntektene dine
- unngå å bruke pengane dine feil
- kontakte og gjere avtalar med dei du skuldar pengar
- skrive søknad om utsetjing av betaling på gjeld
- få opplysningar og rettar og plikter
- søkje gjeldsordning
- kontakte namsmannen

Kven møter du?

Du møter ein av våre økonomiske rådgjevarar